



Sandøy kommune
Steinshamnvegen 112
6487 HARØY

Informasjon om innbyggjarhøyring i veke 3 og 4 i 2018 - øyane Sandøy, Ona, Orten m. fl.

Fylkesmannen vil med dette infoskrivet gjere greie for telefonundersøkinga som skal gjennomførast i samband med vår utgreiing av grensejustering. Dette gjeld mogleg grensejustering av øyane Sandøy, Ona og Orten i Sandøy kommune over til Aukra kommune. I høve søknaden til Liv Tove Lyngvær for øyane Gåsøya, Lyngværet og Seterøya er det ingen fastbuande – difor inga telefonundersøking til denne søkargruppa.

Opinion AS vil på oppdrag frå Fylkesmannen gjennomføre telefonundersøkinga. Sandøy kommune fekk oppdraget med å samle inn telefonnummer til alle innbyggjarar over 16 år på øyane Sandøy, Ona og Orten. Alle tilgjengelege telefonnummer frå denne lista vil bli ringt opp inntil 10 gonger.

Det vil i telefonundersøkinga bli stilt eitt hovudspørsmål med tre svaralternativ.

Resultatet frå telefonundersøkinga vil være klart i veke 6, og blir då sendt over til kommunen og søkarane for Sandøy, Ona og Orten. Søkarane for øyane Gåsøya, Lyngværet og Seterøya vil også bli informert.

Fylkesmannen vil i løpet av veke 1 sende faktagrunnlaget omkring grensejusteringa til Sandøy kommune med kopi til representant for innbyggjarane.

Vi oppmodar kommunen om å legge ut all informasjon om utgreiinga/telefonundersøkinga av grensejusteringa på sine heimesider, og synleggjere for innbyggjarane kva slags telefonnummer som ringer dei opp i undersøkinga. Fylkesmannen legg også ut aktuell informasjon på våre [heimesider](#).
Sjå viktig informasjon i vedlegget

Med helsing

Rigmor Brøste
ass. fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

1 VIKTIG INFORMASJON

Kopi:

Oddgeir Viken	Onagarden 10	6483	ONA
Liv Tove Lyngvær	Amtmanns Leths gt. 11	6413	MOLDE